

## Referat frå årsmøte i Jæren turlag 13. februar 2025 på Time bibliotek

Møtet starta med visning av biletka vakkade som viser stor aktivitet i Jæren turlag i 2024.

Leiar i Jæren turlag, Anne Reidun Garpestad ønska 27 personar velkommen til årsmøte 2025.

Årsmøtesaker:

- Godkjenning av innkalling og saksliste. Godkjent.
- Val av ordstyrar: Anne Reidun Garpestad vart vald.
- Val av referent: Margreta Hauge Clementsen vart vald.
- Val av personar til godkjenning av referat: Inger Tjørve og Borgny Helen Sirevåg Andreassen vart valde.
- Årsmelding vart framlagd av leiar i Jæren turlag (JTL) og vart godkjent. Årsmeldinga vert lagd ut på Jæren turlag si nettside.
- Regnskap vart framlagt av kasserar, Nadine Friese. Stavanger turistforening (STF) har ansvar for budsjett og regnskap for JTL. Årsmøte tok regnskap til orientering.
- Val til styret i JTL 2025: Valkomiteen sitt forslag vart godkjent.

VERV	NAVN	Merknad	År igjen	Telefon
Leiar	Anne Reidun Garpestad	Gjenval	1 år	958 19 098
Styremedlem	Margreta Hauge Clementsen	Gjenval	1 år	464 33 458
Styremedlem	Einar Jordebrekke	Gjenval	2 år	957 58 087
Styremedlem	Nadine Friese	Gjenval	1 år	461 19 231
Styremedlem	Alf Kåre Sirevåg	Ikkje på val	1 år	905 98 900
Styremedlem	Gry Veronica Line	Ikkje på val	1 år	418 59 877
Styremedlem	Anne Grete Madland Tjemsland	Ikkje på val	1 år	958 73 682
Varamedlem	Marianne Undheim	Ny	1 år	
Varamedlem	Inger Johanne Jaarvik Rørheim	Ny	1 år	
Valgkomite	Kjellaug Egeland	Ny	2 år	

Anna Lena Sjølyst, Øystein Hauge Clementsen, Inger Tjørve og Randi Otterlei Malmin går ut av styret og valkomite, og fekk blomar og takk for innsats dei har lagt ned i Jæren turlag.

JTL har alltid bruk for fleire frivillige. Ta kontakt dersom du vil vera med:

- På dugnad
- På ulike arrangement
- På merking av turløyper
- I fadderlag på dagsturhytter
- Som turleiar på kortare eller lengre turar
- På diverse praktisk arbeid, til dømes på naustet på Reime

## **Norge på langs med Kristian Serigstad Sæther**

I 2024 tok Kristian 4 mnd. fri frå arbeid for å gå Norge på langs. «Det var som å vera i ei buble så lenge på tur åleine, sjølv om hunden Nera var med på halve Norgesreisa. Ei heilt fantastisk oppleving».

Formål med turen var å samla inn pengar til støtte for Kreftforeininga sitt arbeid, på same tid som han fekk ein tur som han hadde ønska lenge. Målet var å få inn kroner 20 000, men samla sum vart til slutt kroner 50 101.

Kristian bestemte seg for å gå kun i Norge, medan dei fleste går innom Sverige for å unngå dei bratte fjella i nord. Avstand frå Ljosland til Nordkapp er målt til 2750 km som vart gjennomført på 120 dagar. Navigasjon på ruta gjekk etter appen Topo GPS, og det fungerte veldig godt.

Turen var godt planlagt på førehand, og vekt i sekken var viktig for kva som skulle med. Men litt komfort spesielt i høve soving var det plass til. Kristian hadde pakka proviant i 12 esker som vart sendt med post til Jokerbutikkar langs ruta. Viktig med depot underveis då alt ikkje kunne berast med på heile turen. På det meste vog sekken 30 kilo.

Menyen bestod av havregryn, sjokolade, Real turmat, kjeks og nötter. Dette ga eit underskot på kaloriar så det vart vektredusjon både på hund og kar på denne turen.

Det vart 80 netter i telt i all slags ver, 11 overnattingar i DNT hytter og 27 netter på hotell eller liknande.

På turen hadde Kristian filma. Filmen var nydeleg og viste mange flotte naturopplevingar. Frå fjell og vidder, fossefall og stryk, blomar, fuglar og dyr, nordlys, vind og regn.

### **Pause med enkel servering**

## **Nytt frå Stavanger turistforening v/ Inger Karin Natlandsmyr**

- Inger Karin er JTL sin kontaktperson inn mot STF
- 2025 er Friluftlivets år.
  - «Hele Norge båler» - det var 8 arrangement i STF den 18 januar. JTL hadde arrangement på Melsbu
  - I 2025 feirer Stavanger by sitt 900 års jubileum. I samband med det er STF sin gave til kommunen mellom anna «52 søndagsturar i 2025», der nokre av turane vil vera på Jæren.
  - Folkefest og konsert på Fjøløy den 6.sept.
- Landsmøte i DNT, som vert arrangert kvart andre år, skal arrangerast i Stavanger 13 – 15. juni. Turlaga vil verta invitert til å delta ved arrangementet i praktisk tilrettelegging, organisering og som turleiarar.
- Navneendring: Frå 2026 vert nytt navn DNT Stavanger og omegn.
- Ny strategi er under utforming: «Veivalg 2026 – 2031. Fellesskap med og i naturen».
- Frivillige: Finna god balanse mellom krav til profesjonalisering og det å ivareta god og nærfrivillig dugnad. Viktig med kursing av turleiarar ved å arrangera førstehjelpskurs, ambassadørkurs og turleirkurs.
- Frivilligfesten vert 4.desember 2025

Kvernaland 14.02.25

Margreta Hauge Clementsen

Referent

Inger Tjørve  
Inger Tjørve

Borgny Helen Sirevåg Andreassen  
Borgny Helen Sirevåg Andreassen